

Fra: Monika Cecylia Serafinska (Monika.Serafinska@hfk.no)

Sendt: 30.10.2017 16:48:36

Til: 'hilmar.kaldestad@statnett.no'

Kopi:

Emne: Angående grunneigarvarsel i samband med arkeologisk registrering på Flesjo i Etne kommune

Vedlegg: image001.png

Hei.

Viser til din e-post datert 26.10.2017 og vårt brev med grunneigarvarsel datert 25.10.2017.

Det er Statens vegvesen og Etne kommune som er tiltakshavarar når det gjeld utbygging av Fv 48 Skånevik-Flesjo. Detaljreguleringsplan er fortsatt i oppstartsfasen, og då er det ganske vanleg at plangrense er litt større. Det er fyrst når planen er lagt ut på høyring at ein får avklaring på nøyaktig plassering av vegtrase og den endelege plangrensa.

Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde skal utføre arkeologiske registreringar for å kartlegge om det er automatisk freda kulturminne innanfor gjeldane planavgrensing, varsla ved oppstart av planarbeidet. Flesjo er ein av øydegardane etter Svartedauden, noko som tilseier at den må ha blitt rydda i mellomalderen, om ikkje allereie i yngre jernalder. Etter synfaring på garden, vert bøane som ligg innafør plangrensa vurdert til å ha stort potensial for bevarte spor under markoverflata etter gardsbusetting og jordbruksaktivitet i mellomalder og jernalder. Det skraverte området i kartet vedlagt vårt brev med grunneigarvarsel datert 25.10.2017 viser området med høgst potensial for nye funn, og ikkje eit forslag til vegtrase.

Vi gjer merksam på at ein vil ikkje undersøke tett mot bygningar eller stader med moderne terrenginngrep og at alle undersøkingssjakter vert attfylt etter vi er ferdige med registreringa.

Med helsing

Monika Serafinska

Arkeolog | Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf.: 55 23 91 80

www.hordaland.no